



Hyllerstad
kommune

Eigarskapsmelding 2020



Innhold

1 EIGARSKAP	3
1.1 Kommunen som eigar	3
1.2 Dei folkevalde som eigarar	3
1.3 Selskapsorganisering.....	4
2 EIGARSKAPSPOLITIKK	4
2.1 Definisjon	4
2.2 Godt eigarskap	4
2.3 Hyllestad kommune sine prinsipp for kommunalt eigarskap.....	5
2.3.1 OPENHEIT	5
2.3.2 EIGARSKAPSMELDING	5
2.3.3 RAPPORTERING	5
2.3.4 SELSKAPSAVTALE OG VEDTEKTER	5
2.3.5 EIGARORGANET	5
2.3.6 UTØVING AV EIGARSKAPET	5
2.3.7 AVTALER MELLOM EIGAR OG SELSKAP	6
2.3.8 VALKOMITÉ.....	6
2.3.9 KRAV TIL STYREKOMPETANSE OG STYRESAMANSETNING	7
2.3.10 GODTGJERING OG REGISTRERING AV STYREVERV.....	8
2.3.11 ARBEIDSGJEVARROLLA TIL SELSKAPET	8
2.3.12 ETISKE RETNINGSLINER	8
2.3.13 ARKIV	8
2.3.14 FYSISK SKILJE MELLOM MONOPOL OG KONKURRANSEVERKSEMD	8
2.3.15 TILSYN OG KONTROLL.....	8
2.4 Administrativ støtte og koordinering.....	9
3 SELSKAPSFORMER	9
3.2 Kommunalt føretak (KF).....	9
3.4 Aksjeselskap (AS).....	10
3.5 Samvirkeføretak (SA).....	12



3.6 Stifting	12
3.7 Interkommunalt samarbeid (jf. Kommunelova §§17-21)	12
4 EIGARSTRATEGI.....	13
4.1 Motiv for eigarskapen	13
4.1.1 FINANSIELT MOTIVERA EIGARSKAP	13
4.1.2 POLITISK MOTIVERA EIGARSKAP	14
4.1.3 EFFEKTIVISERING AV TENESTEPRODUKSJONEN.....	14
4.1.4 SAMFUNNSØKONOMISK MOTIVERT	14
4.1.5 REGIONALPOLITISK POSISJONERING	14
4.2 Selskapsstrategi.....	14
4.3 Innhald i eigarstrategien	14
5 RETNINGSLINER FOR UTØVING AV KOMMUNALT EIGARSKAP	14
5.1. Rutinar for kommunestyret si utøving av eigarstyring	14
5.2 Vurderingar ved å avvikle engasjement i selskap	15
5.3 Styret sitt ansvar	15
5.3.1 REGISTRERING AV STYREVERV	15
5.3.2 STYREHONORAR OG LEIARLØN	15
5.3.3 HABILITETSVURDERING AV STYREREPRERESANTAR.....	16
5.4 Tilsyn og kontroll.....	16
6 EIGARANDEL OG AKSJAR I SELSKAP (PER 31.12.2019)	17
7 INTERKOMMUNALE SAMARBEID- HYLLESTAD KOMMUNE.....	18

////////////////////////////////////

1 Eigarskap

1.1 Kommunen som eigar

Ein kommune har ulike roller; - som myndigheitsutøvar, som tenesteprodusent, som kontraktspart og som eigar. Kvar og ein av desse rollene har sine særpreg, og må bli handtert på ulikt.

Som eigar av selskap bør kommunen opptre føreseieleg og profesjonelt. Utarbeiding av ein eigarskapsmelding er ei føresetnad for eit aktivt og godt eigarskap.

Kommunelova §26-1 om eigarskapsmelding (1. ledd) seier at kommunane skal minst éin gong i løpet av valperioden, utarbeide eigarskapsmelding som kommunestyret skal vedta.

Eigarskapsmeldinga skal innehalde:

- a) prinsipp for eigarstyring
- b) oversikt over selskap, kommunale føretak og andre verksemdar som kommunen har eigarskapsinteresse i
- c) kommunen sine føremål med eigarinteresse eller tilsvarande interesse i verksemdene nemnt i bokstav b.

Eigarskapsmeldinga er "eit overordna politisk styringsverktøy for verksemd som er lagt til eit anna rettssubjekt, eige styre eller ein vertskommune eller til eit anna interkommunalt organ". (Ref. KS Eierforum).

Ei eigarskapsmelding skal sikre nødvendige styringssignalar til selskapa og tydeleggjera politikarane sitt ansvar.

Meldinga tek utgangspunkt i at når kommunen etablerer eit føretak eller selskap, eller går inn som medeigar eller deltakar saman med andre, gjer kommunen det for å oppnå noko.

1.2 Dei folkevalde som eigarar

Som folkevald innehar ein ulike roller; ombudsrolla, styringsrolla, leirolla, arbeidsgjevarrolla og eigarrolla.

Eigarrolla skil seg frå dei andre rollene. Moglegheita til å påverke tenester som er organisert i eit selskap vil, om ikkje selskapet får direkte overføringar frå kommunen sitt budsjett, vere avgrensa. Ofte vil organa i selskapa verke framande og kompliserte for nokon som er van med direkte folkevald styring av kommunal tenesteproduksjon.

Samtidig er selskapsetablering ein måte å avlaste dei folkevalde organa på. Dei tenestene som først og fremst er organisert i kommunalt eigde selskap, er brukarfinansierte og forretningsmessige tenester. Kommunalt eigde selskap utførar viktige samfunnsmessige tenester og forvaltar ein betydeleg kapital og infrastruktur. Det er derfor viktig at folkevalde forstår og er seg bevisst sin rolle som



eigar. Gjennom eigarstyringa har kommunen moglegheit til å påverke selskapet sine rammer og handlefridom.

1.3 Selskapsorganisering

Ved selskapsorganisering skil kommunen ut ei teneste i eit sjølvstendig selskap. Etter dette blir eigaransvaret til kommunen ivareteke gjennom val av representantar til eigarorganet; - det vere seg representantskapet, generalforsamlinga eller årsmøtet. I enkelte tilfelle har kommunen òg eit finansieringsansvar overfor selskapet gjennom tilskot eller fastsetting av pris for selskapet sine tenester.

Kommunen kan velje å legge fleire oppgåver til eit selskap eller å gå saman med andre kommunar eller private om å etablere selskap. Det er viktig at kommunestyret tenkjer heilskapleg, og at tenesta blir organisert i selskapsformer som er eigna for drifta.

Selskapsorganisering av kommunale tenester er eit verkemiddel i kommunen sitt arbeid med effektivisering og produktivitetssøking. Selskapsorganisering stiller både verksemdsområdet og kommunen over for nye utfordringar. Kommunen får ei ny rolle som selskapseigar. Selskapet på si side skal kombinere krav til kvalitet og samfunnsansvar med krav til lønssemd og effektivitet.

Felles for kommunalt eigde selskap er at dei stort sett opptre samfunnsansvarleg. Samfunnsansvar vil seie å ta omsyn til økonomiske, miljømessige og sosiale konsekvensar av verksemda for eigarar, kundar, tilsette og andre interessentar.

2 Eigarskapspolitikk

2.1 Definisjon

Telemarksforsking skil mellom eigarskapspolitikk og eigarstrategi.

Eigarskapspolitikk er dei overordna premiss Hyllestad kommune legg til grunn for forvaltning av sine selskap og eigardelar. Eigarskapspolitikk er dei krav kommunen set til seg sjølv som eigar. Dette inneber med andre ord kva slags system, retningslinjer og rutinar kommunen har for utøving av sitt eigarskap.

Eigarskapspolitikk handlar om å ha ein bevisst eigarstyring.

Denne eigarskapsmeldinga og etterlevinga av den er ein viktig del av eigarskapspolitikken. Det er ein fordel om det er brei politisk semje om eigarskapspolitikken.

Eigarstrategi er knytt til forventningar til det enkelte selskap.

2.2 Godt eigarskap

Målet med å utarbeide felles prinsipp for kommunen sitt eigarskap er å bidra til god forvaltning og utvikling av selskap og samarbeid i regionen ved å tydeleggjera styringssignal i samsvar med dei målsettingar kommunane har for sitt eigarskap. Prinsippa vil danne grunnlag for klarare retningslinjer til selskapa og forenkle samarbeidet med dei andre eigarane. Prinsippa gjeld uavhengig av selskapsform og kva for målsettingar kommunen(ane) har med selskapet eller samarbeidet.



Eit bevisst eigarskap er ikkje nødvendigvis det same som aktivt eigarskap. Eigarskyringa må vere til det beste for selskapet. Det tyder at kommunen og dei folkevalde veit kva dei vil med selskapet, at eigarskyringa er basert på kunnskap og diskusjonar og ikkje berre på styringsvilje. Eigarskyringa skal skje av dei folkevalde samla og ikkje av enkeltolitikarar.

2.3 Hyllestad kommune sine prinsipp for kommunalt eigarskap

2.3.1 Openheit

Kommunen sin eigarskap skal vere prega av openheit. Prinsippet om meiroffentlegheit skal ligge til grunn.

2.3.2 Eigarskapsmelding

Kommunestyret skal handsame eigarskapsmeldinga minst ein gong i kvar valperiode, - fortrinnsvis i løpet av det første året i valperioden.

2.3.3 Rapportering

Kommunestyret får ein gong i året framlagt ein oversikt over selskap der Hyllestad har eigarinteresse i samband med årsmeldinga.

Kommunen sitt årsrekneskap skal innehalde eit oversyn over kommunalt eigarskap. I tillegg vil kommunestyret få tilsendt årsmelding og årsrekneskap som referatsaker til kommunestyremøta.

2.3.4 Selskapsavtale og vedtekter

Selskapet sitt formål skal gå fram av selskapsavtale/vedtekter. Formålet med selskapet bør bli vurdert kvart 4. år. Det er særleg viktig at kommunestyret er medvitne om kor stor handlefridom styret har til å utvide verksemda.

Dersom selskapet skal utføre oppgåver etter eigenregiprinsippet bør dette gå fram av vedtektene.

2.3.5 Eigarorganet

Selskapet sitt eigarorgan er generalforsamling, representantskapsmøte eller årsmøte.

For selskap som er 100 prosent eigd av Hyllestad kommune er kommunestyret eigarorganet.

For selskap der Hyllestad kommune er deleigar er det ordførar, den ordførar gir mynde til eller representant som er vald av kommunestyret, som skal representere Hyllestad kommune i eigarorganet. Det mest vanlege i Hyllestad er at ordførar møter på vegne av kommunen.

Medlemar til representantskap er personleg valt og det er ikkje høve til å møte med fullmakt. Det skal derfor vere vara for representantskapsmedlemane. Vararepresentantar blir valt i samband med konstituering av kommunestyret.

Utøvinga av den kommunale eigarskapen skal spegle kommunestyret sitt fleirtal. Dersom formålet med selskapet er reine driftsoppgåver kan tilsette i administrasjonen representere kommunen i eigarorganet.

2.3.6 Utøving av eigarskapet

Det er kommunestyret som på overordna nivå som utøver eigarrolla i selskap. Hyllestad kommune sin eigarskap i selskapet vert utøvd gjennom den valde representanten i det operative

////////////////////////////////////

eigarorganet, dvs. representantskapet eller generalforsamlinga. Representantane skal utøve kommunen sine interesser i selskapet, denne må difor reflektere fleirtalet i kommunestyret. Det er difor viktig med dialog mellom kommunestyret og representanten i generalforsamlinga eller representantskapet for aktivt å kunne utøve eigarstyring .

Utbytepolitikk vil vere ein del av eigarskapspolitikken i aksjeselskap. For tida er det berre Firda Billag AS og BKK AS som gjev utbytte til kommunen. I tillegg forventar vi utbytte frå Sogn og Fjordane Holding AS, som kommunen fekk ein eigardel på overført frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune i desember 2019. Ved utøvinga av eigarskap i aksjeselskap og interkommunale selskap skal det særleg leggjast vekt på at kommunen fører kontroll med eigarinteressene, og at representantane i dei operative eigarorgana utøver kommunen sine eigarinteresser i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader, og i samsvar med selskapslovgivinga.

Kommunelova §§23-4 til 6, gjev kommunestyret sitt kontrollorgan, kontrollutvalet, heimel til å utføra eigarskapskontroll og selskapskontroll i selskap kommunen har eigarinteresser og rapportera til kommunestyret. Eigarskapskontrollen er i første rekke ein kontroll med at den som utøver kommunen sine eigarinteresser gjer dette i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader, og i samsvar med lover og forskrifter. Kommunestyret bør regelmessig drøfte eigarskapen sin i dei ulike selskapa, særleg om den er i samsvar med formålet med selskapet og eigarskapen. Kommunestyret bør også gi klare signal til sine representantar i representantskapa og generalforsamlingane. Hyllestad kommune bør utøve eit aktivt eigarskap gjennom å formulere klare forventningar/krav til selskapa og ved å utøve tilstrekkeleg kontroll. Dette kan gjerast gjennom gode rutinar for eigardialog med selskapa, gjennom representantane i dei operative eigarorgana, representantskap eller generalforsamling, i samsvar med kommunestyret sine vedtak/føringar. Dialog kring utbytte i selskapa bør skje som del av eigardialogen – tilpassa kommunen sin budsjettprosess.

2.3.7 Avtaler mellom eigar og selskap

Det bør bli utarbeidd aksjonær-/eigaravtale som beskriv tilhøvet mellom eigarane, informasjon til eigarane utanom representantskap/generalforsamling, selskapet si verksemd og val av styre. Eigarane skal i samspel med styret og leiing sikre god leiing av selskapet. Det bør koma fram korleis eigarane og styret saman skal kunne påverke leiinga sitt arbeid med utgangspunkt i selskapet sitt behov. Dersom selskapet leverar tenester til kommunen bør det bli utarbeidd tenesteavtale.

Eigar(-ane) bør utforme styreinstruks som beskriv styret sitt mandat og samansetning, styremøta sin forretningsorden og saker som skal behandlast av styret, saksbehandlingsreglar (lovgrunnlag) og informasjon utanom styremøta.

2.3.8 Valkomité

Kommunestyret vel for kvar kommunestyreperiode ein valkomité som kjem med tilråding om styresamansetning i selskap som Hyllestad kommune eig 100 prosent.

Valkomiteen sin tilråding bør vere grunngitt og bli lagt fram for eigar før generalforsamling/representantskap.



Hyllestad kommune vil arbeide for at det blir vedtektsfesta bruk av valkomité i selskap som kommunen er deleigar i for å sikre samansetning av styret med utfyllande kompetanse og i tråd med eigar sitt formål med selskapet.

2.3.9 Krav til styrekompetanse og styresamansetning

Det er eigar sitt ansvar å syte for at styret blir sett saman og får dei rammevilkåra som gjer at dei kan utøve sitt virke til beste for selskapet. Styret er eit kollegium som består av personar med personlege eigenskapar som utfyllar kvarandre når det gjeld kompetanse knytt til økonomi, organisasjon og den marknaden selskapet opererer i.

Hyllestad kommunestyre oppmodar selskapa til å utarbeide rutinar for å sikre utvikling av nødvendig kompetanse i styret. Eit styreverv er personleg. Styremedlemmene representerer ikkje kommunen, politiske parti eller andre interessentar. Styremedlemmene skal berre arbeide for selskapet sitt beste. Det er viktig at kommunestyret er klar over dette og tek omsyn til dette ved val av styremedlemmer. Styret sin kompetanse må vurderast ut frå selskapet sitt formål.

Hyllestad kommune tilrår at styret i selskapa etablerer følgjande rutine for å sikre nødvendig kompetanseutvikling:

- Fastsette styreinstruks og instruks for dagleg leiar med særleg vekt på intern ansvars- og oppgåvefordeling.
- Gjennomfører eigenevaluering kvart år.
- Vurderer behovet for ekstern styreopplæring. Nye styremedlemmer skal få opplæring i ansvar, oppgåver og rollefordeling.
- Gjennomfører eigne styreseminar om roller, oppgåver og ansvar.
- Fastsette ein årleg plan, herunder møteplan, for sitt arbeid med vekt på mål, strategi og gjennomføring.
- Gi ei samla utgreiing om selskapet si styring og leiing i ein årsrapport.

Styret i morselskap bør ikkje sitte i styret for dotterselskap fordi styret i morselskap utgjer generalforsamling i dotterselskap. Dagleg leiar av konsernet kan vere representert i dotterselskapa sine styreverv.

Der det blir peika ut vararepresentantar til styret bør ordninga med numerisk vara bli brukt for å sikre kontinuitet og kompetanse i styret. Det blir tilrådd at 1. vara blir invitert til styremøta for på den måten å sikre best mogeleg kompetanse og kontinuitet.

Politisk deltaking i selskapsstyre er tillate, men val av folkevalde i styra kan føre til inhabilitet. Bruken av folkevalde og tilsette i selskapsstyra bør derfor avgrensast. Vervet som kommunestyrerepresentant er viktigare enn styreverv.

I kommunale føretak (KF) kan kommunedirektøren og kommunedirektøren sin stadfortredar ikkje sitte i styret. Hyllestad kommune nyttar denne regelen òg for andre selskapsformer. Ved val av andre kommunalt tilsette som styremedlemmer må det vurderast korleis det vil påverke habilitet



ved sakshandsaming av saker der selskapet er part. Val av styremedlemmer som fører til inhabilitet i sakshandsaminga skal ein unngå.

Hyllestad kommunestyre krev balansert kjønnsrepresentasjon i alle styrer. I styrer for interkommunale selskap og aksjeselskap er det lovkrav om minimum 40 prosent kjønnsrepresentasjon.

2.3.10 Godtgjering og registrering av styreverv

Godtgjeringa til dei som sitt i styra bør reflektere styret sitt ansvar, kompetanse, tidsbruk og verksemda sin kompleksitet. Dette inneber at selskap som opererer i ein marknad og kor det er tydeleg risiko, bør reflektere ansvaret. Styreverv i aksjeselskap og interkommunale selskap kan i motsetnad til kommunale føretak vurderast i høve til strafferettsleg eller økonomisk ansvar og bør bli godtgjort særskild.

Styreleiar bør godtgjerast særskild i høve til styremedlemmene. Styret skal ikkje fastsette si eiga godtgjering. Eigarorganet fastset styregodtgjeringa.

Hyllestad kommune ber om at selskapa særskilt teiknar styreforsikring for alle styremedlemmer. Forsikringa skal gjelde det økonomiske ansvaret, ikkje det strafferettslege.

Alle som tek på seg styreverv for kommunale selskap bør registrere verva sin på www.styrevervregisteret.no

2.3.11 Arbeidsgjevrolla til selskapet

Kommunalt eigde selskap bør vere medlem av ein arbeidsgjevorganisasjon.

2.3.12 Etske retningslinjer

Kommunen skal sjå til at styra for selskapa utarbeidar etiske retningslinjer for drifta av selskapet. Selskapet sitt samfunnsansvar knytt til miljø, likestilling, openheit bør òg vere tema i dei etiske retningslinjene.

2.3.13 Arkiv

Kommunalt eigde selskap plikter å ha arkiv og desse skal vere ordna og innretta slik at dokumenta er sikra som informasjonskjelder for samtid og ettertid. Det overordna ansvaret for arkivarbeidet ligg til den øvste leiinga i selskapet.

2.3.14 Fysisk skilje mellom monopol og konkurranseverksemd

Selskap som Hyllestad kommune eig som opererer i ein marknad i konkurranse med andre aktørar i tillegg til monopolverksemd, bør som hovudregel skilje ut den marknadsretta delen av verksemda for å unngå rolleblanding og kryssubsidiering. Det må som eit minimum bli ført separate rekneskap.

2.3.15 Tilsyn og kontroll

Kontrollutvalet skal på kommunestyret sine vegne sjå til at det blir ført kontroll med kommunen sine eigarinteresser i selskap. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeide ein plan for selskapskontroll som skal bli vedteken av kommunestyret. Med utgangspunkt i planen skal kontrollutvalet gi rapport til kommunestyret om gjennomførte kontrollar og resultatet av desse.

Kontrollutvalet si oppgåve med selskapskontroll er todelt; - ein obligatorisk del omtalt som eigarskapskontroll og ein frivillig del kan omfatte forvaltningsrevisjon. Eigarskapskontroll inneber ei vurdering av utøving av eigarskapsrolla og forhold knytt til rapportering og informasjonsflyt ut frå

////////////////////////////////////

eit eigarperspektiv. Det er opp til kommunestyret å avgjere om selskapskontrollen òg skal omfatte forvaltningsrevisjon som inneber systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknadar ut i frå kommunestyret sine vedtak og føresetnadar.

Kontrollutvalet og kommunen sin revisor skal bli varsla når generalforsamling/representantskap og tilsvarande organ har møte, og dei har høve til å vere til stades på slike møte. Det er selskapa som er ansvarlege for at dette blir gjort.

Medlemmer av kontrollutvalet skal ikkje vere styremedlem i kommunalt eigde selskap.

2.4 Administrativ støtte og koordinering

Ansvar for kommunen sitt eigarskap er politisk, og derfor ikkje ein del av det daglege arbeids- og ansvarsområdet til kommunedirektøren. Kommunedirektøren har ingen formell rolle knytt til kommunen sitt eigarskap og eigarstyring. Kommunedirektøren har ansvar for forsvarleg utgreiing av alle saker som skal til politisk handsaming. Dette inkluderer òg saker som gjeld eigarstyring.

Kommunedirektøren skal ha oppdatert oversikt over selskapa med tilhøyrande vedtekter, selskapsavtaler og tenesteavtaler.

Kommunen sin administrasjon har eventuell kontakt med selskapa gjennom rolla som bestillar, der selskapa er tenesteleverandør.

Kommunedirektør og ordførar har høve til å møte på styremøte i 100 % eigde selskap. Møte og talarrett, ikkje stemmerett

3 Selskapsformer

Grunnen til å etablere eit føretak eller selskap, eller gå inn som medeigar eller deltakar saman med andre kan vera ulik.

Kommunane står stort sett fritt til å velje selskapsform i dei tilfelle danning av selskap er aktuelt.

Før det bli avgjort kva for selskapsform som skal veljast, bør det bli føreteke fleire vurderingar. Vurderinga må ein gjera på om selskapsforma passar til dei oppgåver og funksjonar selskapet er tenkt å utføre, og kva rammevilkår selskapet har behov for.

3.2 Kommunalt føretak (KF)

Kommunale føretak er ein del av kommunen som rettssubjekt og heimla i kommunelova § 9. Det kommunale føretaket er ein del av kommunen og er underlagt kommunestyret. Gjennom føremålet fastset kommunestyret den verksemd som føretaket skal drive og den ytre ramma for styret sin mynde. Kommunestyret kan gjennom vedtektene eller andre typar vedtak gje bindande pålegg for føretaket. Både stifting og oppløysing av kommunale føretak blir vedteke av kommunestyret.

Reglane for kommunale føretak tek sikte på å gje eit alternativ for meir sjølvstendig organisering av kommunale oppgåver. Organiseringa blir nytta særleg når både forretningsmessige og samfunnsmessige omsyn skal takast vare på. I lova er det ikkje grenser for kva for oppgåver kommunen kan leggje inn i eit kommunalt føretak.



Generalforsamlinga vel medlemmer til selskapet sitt styre. Det er gjennom generalforsamlinga aksjeeigarane utøver den øvste mynde i selskapet. Generalforsamlingsvedtak fastsett rammer og gjev nærare reglar for styret. Styret har det overordna ansvar for forvaltning av selskapet og at det blir drive i samsvar med føremål, og innafor ramma av lovgjeving og selskapet sine vedtekter og instruksar fastsett av generalforsamlinga. Som hovudregel tilset styret dagleg leiar. Styret er dagleg leiar sin overordna. Dagleg leiar skal styre selskapet etter dei planar, retningslinjer og prinsipp styret vedtek.

Aksjonæravtaler blir ofte nytta for å detaljere tilhøvet mellom aksjonærene. Aksjonæravtala kan regulere ulike eigarspørsmål som røysterett, fordeling av styreplassar, innsynsrett, innskotsplikt og forkjøpsrett.

Ein aksjonær har ulike rettar i eit selskap avhengig av kor stor del av selskapet vedkomande eig. For ein kommune er det derfor viktig at eigardelen er tilpassa kommunen sitt føremål med selskapet.

Har kommunen strategiske målsettingar for sitt eigarskap, bør kommunen ha kontroll med selskapet ved å eige 50 % eller meir av dei røysteføre aksjane i selskapet. Ønskjer kommunen maksimal kontroll over selskapet, bør kommunen eige selskapet fullt ut. Er eigarskapen av meir finansiell karakter er det ikkje så viktig kor stor del av selskapet kommunen eig.

- 100 % (aksjar og røyster) I ein slik situasjon treng ikkje eigaren ta omsyn til rettar og reglar som elles gjeld for å verne dei andre aksjonærene.

- 90 % (aksjar og røyster) Dersom ein aksjonær eig over 90 % av aksjane og røystene i eit aksjeselskap, kan vedkomande majoritetsaksjonær tvangsutløyse dei andre aksjonærene i selskapet.

- 67 % (røyster) Vedtak om endring av selskapet sine vedtekter føreset minst to tredelar av røystene. Det same gjeld avgjerd om fusjon eller fisjon, vedtak om auke eller nedsetting av aksjekapitalen, opptak av konvertible lån, vedtak om omdanning og vedtak om oppløysing av selskapet.

- 50 % (røyster) Døme på avgjerder som blir fatta med alminneleg fleirtal er val av styremedlemmer, godkjenning av årsrekneskap og vedtak om utdeling av utbyte. Vedtekter og aksjonæravtale kan regulere behov for breiare, men ikkje snevrare tilslutning i slike saker

34 % (røyster) Dersom ein aksjonær har meir enn ein tredjedel av røystene, vil denne normalt ha negativ kontroll over mange av dei viktigaste avgjerdene i selskapet. Serleg gjeld det vedtektsendringar.

Kommunen sin økonomiske risiko i høve til eigardel i aksjeselskap er direkte knytt til verdien av aksjekapitalen som kommunen har skote inn. Selskapet sine midlar blir disponera av selskapet sitt styre og dagleg leiar.

Dersom kommunen(-ane) som eigar av selskap ønskjer å ta ut midlar, må det skje etter aksjelova sine reglar om utdeling av utbyte eller fondsemisjon. Utdeling av utbyte til eigarane kan berre bli føreteke etter forslag frå styret og må bli vedteken på generalforsamlinga. Innafor ramma av aksjelova kan det gjennom aksjonæravtale heimlast ytterlegare handlingsreglar for disponering av selskapet sitt overskot. Det er bindande for styret si innstilling og generalforsamlinga sitt vedtak.

////////////////////////////////////

3.5 Samvirkeføretak (SA)

Selskapsforma samvirkeføretak (SA) er ei formalisering av dei ulovfesta andelslag, lutlag, partslag, BA osb.

Samvirkeføretaka er ein demokratisk organisasjonsform som byggjer på prinsipp om aktiv brukardeltaking og frivillig og opent medlemskap. Selskapsforma har som hovudføremål å fremme medlemmene sine økonomiske interesser gjennom deira deltaking i verksemda som kjøparar eller tilbydarar av varer eller tenester.

3.6 Stifting

Stiftingar er regulera i "Lov om stiftelser (stiftelsesloven) av 15.06.2001. Lova trådte i kraft frå 01.01.2005.

Ei stifting skil seg frå andre selskapsformer ved at den ikkje har nokon eigarar eller deltakarar. Stifting er sjølv eigande. Når ei stifting er oppretta har stiftarane ikkje lenger råderett over verdiane som er overført til stiftinga.

Ved oppretting skal ei stifting ha ein grunnkapital på minst kr 100.000. Jf § 14 i stiftingslova.

Ei stifting kan vera ei eigna organisasjonsform for å løyse bestemte oppgåver som ein ønskjer å skilje ut og gje fullt sjølvstende.

Sidan ei stifting ikkje kan ha eigarar, kan ein kommune ikkje øve påverknad på grunnlag av eigarskap. Det kan vera ei betydeleg ulempe, men samtidig gje mogelegheit til å sikre verdiane under skiftande tilhøve.

Reglane for avvikling av stiftingar er komplekse. Både styret og stiftarane må godkjenne avviklinga. I tillegg er det stilt krav om godkjenning hos Stiftelsestilsynet før den formelle avviklinga kan finne stad.

Ei stifting blir leia av eit styre som er oppnemnd i tråd med vedtektene i stiftinga. Stiftinga må ha eit bestemt føremål. Stifting blir sett på som ueigna dersom kommunen ynskjer noko form for styring, påverknad eller kontroll.

3.7 Interkommunalt samarbeid (jf. Kommunelova §§17-21)

Kommunelova § 17-1. Interkommunalt samarbeid

Kommuner og fylkeskommuner kan utføre felles oppgaver gjennom et interkommunalt samarbeid.

Et interkommunalt samarbeid skal foregå gjennom et interkommunalt politisk råd, kommunalt oppgavefellesskap, vertskommunesamarbeid, interkommunalt selskap, aksjeselskap eller samvirkeforetak, en forening eller på en annen måte som det er rettslig adgang til.

Interkommunalt politisk råd (Regionråd) er eit politisk samarbeid mellom to eller fleire kommunar eller fylkeskommunar om handsaming av saker som går på tvers av kommunegrensene.

Kommunalt oppgåvefellesskap (KO) er først og fremst tenkt å vere ei enkel samarbeidsform for drift av felles oppgåver. Samarbeidet blir leia av eit styre. Samarbeidet kan vere eit eige rettssubjekt, men dette må vurderast særskilt.



Vertskommunesamarbeid er ei form for interkommunalt samarbeid der verksemda er lagt til administrasjonen i ein av dei deltakande kommunane eller fylkeskommunane. Vertskommunesamarbeidet kan leiast av ei eiga folkevald nemnd, eller av kommunedirektøren i vertskommunen (administrativt vertskommunesamarbeid). Vertskommunesamarbeid kan mellom anna nyttast til lovpålagte oppgåver og til utøving av mynde. Samarbeidet blir regulert av ei samarbeidsavtale. Samarbeidskommunane delegerer mynde til vertskommunen.

Interkommunalt selskap (IKS) er ei eiga selskapsform laga for interkommunalt samarbeid. Det blir leia av eit representantskap og eit styre. Selskapet er eit sjølvstendig rettssubjekt. Den einskilde kommunen og fylkeskommunen hefter uavgrensa for sin del av pliktene til selskapet.

Samvirkeføretak (SA) er eigd av brukarane og skal tene interessene deira gjennom økonomisk verksemd eigd i fellesskap. Det blir leia av eit styre, og er eit sjølvstendig rettssubjekt. Aksjeselskap (AS) kan vere heileigd av kommunen eller fylkeskommunen, men dei kan òg eige det saman med andre, til dømes andre kommunar eller fylkeskommunar. Selskapsforma er primært tenkt nytta til forretningsmessige oppgåver. Selskapet blir leia av generalforsamling og

4 Eigarstrategi

Kommunen bør avklare sin ståstad og sine forventningar til kvart enkelt selskap. Det mest sentrale dokumentet i denne samanheng er vedtektene eller selskapsavtala, og da primært gjennom formulering av formålsparagrafen.

Ein eigar må ha eit klart formål med å investere i eller etablere eit selskap. Det er aldri for seint å utarbeide ein eigarstrategi for eit selskap.

Ein politisk vedteken eigarstrategi bind deltakarane i representantskap og generalforsamling.

Ein eigarstrategi skal innehalde prioriteringar, tiltak og resultatkrav som kommunen ønskjer for det enkelte selskap. På den måten veit selskapa kva dei må gjere for å oppfylle eigarane si målsetting med eigarskapen.

Eigarstrategien skal vere den ytre ramma for selskapet. Innafor denne ramma skal selskapet/styret ha stor handlefridom.

Når eit selskap har fleire eigarar så bør eigarane i fellesskap utarbeide ein eigarstrategi. Dersom eigarane har ulike motiv med eigarskapen kan ei gruppe av eigarar utarbeide ein felles strategi.

4.1 Motiv for eigarskapen

Eigarskapet kan delast i fleire motiv. Dei ulike kategoriane kan bidra til å tydeleggjera kommunen sine målsettingar med selskapa.

4.1.1 Finansielt motivera eigarskap

Selskap kor motivet og hovudgrunngevinga for eigarskapet er store moglegheiter for økonomisk utbytte av innskoten kapital og svært liten økonomisk risiko for kommunen.

////////////////////////////////////

4.1.2 Politisk motivera eigarskap

Selskap der motivet og hovudgrunngevinga for eigarskapen er strategiske val om å posisjonere kommunen/regionen. Verken økonomi, omsynet til tenesteytinga eller liknande ligg som grunngeving for denne eigarskapskategorien.

4.1.3 Effektivisering av tenesteproduksjonen

Selskap der motivet og hovudgrunngevinga er knytt til at fellesløysingar bidreg til meir effektiv tenesteproduksjon enn å yte teneste sjølv. Sentralt her er å oppnå auka mengde av tenester for dei midlane som er til disposisjon og betre forvaltning av anleggsmidlane.

4.1.4 Samfunnsøkonomisk motivert

Selskap der motivet og hovudgrunngevinga er knytt til at kommunen gjennom selskapet vil oppnå totalt sett meir samfunnsøkonomisk gunstige resultat eller gjennomføring av oppgåver. Offentleg engasjement og styring i oppgåveløysinga vil stå sentralt i grunngevinga for denne type selskap.

4.1.5 Regionalpolitisk posisjonering

Selskap der motivet og grunngevinga er knytt til at det styrker regionen sine mogelegheiter og posisjon til å gjennomføre oppgåver i høve til andre regionar og nasjonale aktørar. Her kan òg posisjonering for å utløyse statlege midlar/prioriseringar vere ein del av grunngevinga.

4.2 Selskapsstrategi

Når kommunen har valt å legge ein del av sine verdiar inn i eit selskap medfører dette ein overføring av styringsrett til selskapet. Det er ikkje alle spørsmål knytt til forvaltning av verdiane i selskapet som vedkjem kommunestyret.

Eigarane si oppgåve er å legge dei ytre rammene for selskapet. Selskapet sitt styre og administrasjon har som oppgåve å legge opp verksemdsstrategien og forretningsstrategien innafor eigarstrategien. Summen av dette kallar vi for selskapsstrategien.

4.3 Innhald i eigarstrategien

Hyllestad kommune sine eigarstrategiar bør innehalde følgjande:

- Den historiske bakgrunnen for eigarinteressa
- Føremålsparagrafen i selskapsavtala
- Motivet for eigarskapen
- Dei seinare års utvikling i selskapet, utvikling og risiko og kapitalbinding
- Rammer for selskapet si drift
- Samfunnsmessig nytte av eigarskapen

5 Retningslinjer for utøving av kommunalt eigarskap

5.1. Rutinar for kommunestyret si utøving av eigarstyring

Det er naudsynt med rutinar for å få eigarstyringa til å fungere mest mogleg effektivt og i tråd med den politiske vilje. Hensikta må vere å etablere ein god informasjonsflyt og kontakt mellom partane.

////////////////////////////////////

Det er utsendingane til dei operative eigarorgana, generalforsamlingar og representantskap, si oppgåve å utøve Hyllestad kommune sine interesser i selskapa. Denne utøvinga av eigarstyringa skal reflektere fleirtalet i kommunestyret. Eigarmeldinga og handsaminga av denne er med på å gi viktige signal til eigarrepresentantane.

Eigarrepresentanten eller representant frå selskapet skal årleg informera kommunestyret om hovudtrekka i årsrekneskapen, årsrapporten og andre viktige saker.

5.2 Vurderingar ved å avvikle engasjement i selskap

Ved vurdering av om kommunen skal selje seg ut av nokre av aksjeselskapa, er det naturleg å sjå på intensjonen for å eiga selskapet jfr punkt 4 ovanfor, og om desse forholda framleis er aktuelle. Der- som kommunen enten skal redusere eksisterande eigardelar eller selje seg heilt ut av selskap, må dette grundig vurderast med omsyn til andre eigarar og gjeldande vedtekter i aktuelle selskap. Ved sal av aksjar må verdien på aksjane vurderast opp mot årleg avkastning, samfunnsverdi og nærings- politisk verd. Eigarskap i interkommunale selskap kan ikkje overdragast til andre. For desse er ord- ninga at deltakarane kan seie opp deltakarforholdet, alle avtalar om interkommunalt samarbeid skal innehalde eit punkt om oppseiing og oppseiingsfrist. Ofte er denne på eit år, eller eit år gjeldande frå og med 31.12 i inneverande år. Ved uttreden får deltakaren utbetalt andelens nettoverdi av- grensa oppover til innskoten kapital. Nettoverdien kan og vera negativ. Ein uttreden frå inter- kommunalt samarbeid må i først rekke vurderast opp mot kommunen sitt behov og muligheit til å utføra dette sjølv eller skaffa desse tenestene frå andre.

5.3 Styret sitt ansvar

Forvaltninga av aksjeselskap og interkommunale selskap ligg til styret. Dette er heimla i aksjelova og lov om interkommunale selskap. Det betyr at det overordna myndet og ansvaret for forvaltninga av selskapet ligg til styret. Styret skal også føre tilsyn med den daglege leiinga og selskapet si verksemd elles. Generalforsamlinga i aksjeselskap og representantskapet i eit IKS er selskapet sitt øvste organ, men dei deltek ikkje i forvaltninga av selskapet. Dei har rolla som såkalla operative eigarorgan. Sty- ret er ansvarleg for at selskapet vert forvalta lojalt i samsvar med formålet med selskapet. Styret skal difor sørge for at selskapet realiserer den visjonen som eigarane har. Styret skal vere ein støt- tespelar for leiinga i selskapet, og det skal samstundes følge opp, evaluere og kontrollere leiinga. Rolla som styremedlem er forskjellig frå rolla som folkevald sidan styrevervet er eit frivillig, person- leg verv. Eit styremedlem skal representerer alle eigarane sjølv om den er utpeika av ein av eiga- rane. Styremedlemene skal ivareta selskapet sine interesser til beste for alle eigarane. Det er den enkelte styremedlem sitt ansvar å drive godt styrearbeid, og dette er ikkje ut frå funksjonen som folkevald, men som den personleg ansvarlege personen som styremedlemen er.

5.3.1 Registrering av styreverv

Alle som tek på seg styreverv for kommunale selskap skal registrere verva på www.styrevervregisteret.no

5.3.2 Styrehonorar og leiarløn

Styrehonorar bør fastsetjast basert på selskapet sitt økonomiske omfang, arbeidsbelastninga i styret og styrerisiko.

////////////////////////////////////

5.3.3 Habilitetsvurdering av styrerepresentantar

Ein kommunestyrerepresentant som er styremedlem i ei verksemd (IKS og AS) vil hamne i habilitetskonflikt mellom rolla som eigar og rolla som styremedlem når selskapet er «part» i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 første ledd. Inhabilitet gjeld ikkje ved behandling av overordna saker som årsbudsjett, økonomiplan, og kommuneplan fordi ingen er «part». I tillegg til direkte inhabilitet kan det oppstå avleia inhabilitet etter forvaltningslova § 6 andre ledd når det er «andre særeigne forhold som er eigna til å svekke tilliten til upartiskheit». Her må kvart tilfelle vurderast særskilt. Kommunestyremedlem bør avklare habilitetsspørsmål i forkant ved hjelp av ein juridisk vurdering frå administrasjonen. For meir informasjon sjå rettleiar om habilitet frå Kommunal og regionaldepartementet.

5.4 Tilsyn og kontroll

Kommunestyret har både eit tilsyns- og kontrollansvar for å sikre at kommunen når sine mål, at regelverket blir etterlevd og at etiske omsyn vert ivareteke. Kontrollen vert utført blant anna gjennom regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Kontrollansvaret gjeld og når ei verksemd er skilt ut i eigne selskap.

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret sjå til at det vert ført kontroll med kommunen sine eigarinteresser i selskap. Kontrollutvalet har derfor ei viktig rolle i kommunen sin kontroll med selskap. Det er viktig at kontrollutvalet blir sikra gode nok rammevilkår slik at dei har moglegheit til å utøve sin funksjon på ein gode måte. Ved utøvinga av eigarskap i aksjeselskap og interkommunale selskap skal det særleg leggjast vekt på at kommunen fører kontroll med eigarinteressene, og at representantane i dei operative eigarorgana utøvar kommunen sine eigarinteresser i samsvar med Kommunestyret sine vedtak og føresetnader og i samsvar med selskapslovgivinga. Kommunen skal derfor utøve eit aktivt eigarskap gjennom å formulerer klare forventningar/krav til selskapa og ved å utøve tilstrekkeleg kontroll. Dette vert gjort gjennom gode rutinar for eigardialog med selskapa.



6 Eigarandel og aksjar i selskap (per 31.12.2019)

På grunn av fusjonen mellom BKK og Sunnfjord Energi er verdiane av aksjane i balansen til Hyllestad kommune endra. I tillegg har kommunen fått aksjar Sogn og Fjordane Holding i samband med samslåing av fylka.

Selskapets namn	Eigarandel i selskapet	Eventuell markedsverdi	Balanseført verdi 31.12.2019
Eigenkaptialinnskot i KLP	0,00 %	0	5461483
Firda produkt as	5,40 %		27000
Leirvik Eigedom as	20,00 %		408000
Eninvest AS	0,18 %		50000
Lutelandet Utvikling AS	6,00 %		96000
Fjordkysten AS	1,58 %		9500
Sunnlab AS	10,00 %		167000
Firda Billag AS	4,58 %		458000
Hyllestad utviklingspark AS	71,43 %		1035729
BKK	0,38 %		93030303
Sogn og Fjordane Holding	0,53 %		68029
Sunnfjord Energi As			0
Sum		0	100811044

7 Interkommunale samarbeid - oversyn

Vestland Revisjon KO

SEKOM – sekretariat for kontrollutvala

SYS IKT – IKT samarbeid for kommunar i Sunnfjord og Ytre Sogn

OKOS (Opplæringskontoret for offentlig sektor)

HAFS Barnevernteneste

Hyllestad og Fjaler Kulturskule

PPT for Ytre Sogn og Sunnfjord

Kommunearkivordninga i Vestland KO

SUM - Sunnfjord Miljøverk

SYS IKL - Sunnfjord og Ytre Sogn Interkommunale legevakt IKS

Alarmsentralen i Sogn og Fjordane IKS

Alden Hamneområde – interkommunalt samarbeid mellom kommunane Kinn, Sunnfjord, Fjaler, og Hyllestad.

IUA Bergen Region – interkommunalt utval mot akutt forureining

Interkommunal arbeidsgjevarkontroll (vert overført til staten frå 01.11.2020 i samband med at ansvaret for skatteoppkreving ikkje lenger er ei kommunal oppgåve)





Hyllerød
kommune